

## **Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjering og velferdsgodar i Gol kommune**

Fastsett av Gol kommunestyre 24.03.2020 med heimel i lov av 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner § 8-3, § 8-4, § 8-5, § 8-6, § 8-7, § 8-8 og § 8-9.

### **§ 1 Føremål**

Forskrifta skal legge til rette for rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogeleg for alle å delta i lokalpolitikken. Gjennom forskrifta blir folkevalde i Gol kommune sikra godtgjering for sitt politiske arbeid og møter dei stiller på.

### **§ 2 Verkeområde**

Forskrifta gjeld for medlemer og varamedlemer i folkevalde organ og andre politisk valde representantar i utval i Gol kommune og regionalt. Når forskrifta omtalar folkevalde med vervet som hovudoppgåve, gjeld dette ordføraren i Gol kommune.

### **§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap**

Den som har eit tillitsverv i Gol kommune, har krav på

- skyss-, kost og overnattingsgodtgjering for reiser i samband med vervet
- dekning av utgifter som fylgje av vervet, slik som utgifter til pass, tilsyn, stell og pleie av born og eldre. Kommunen godtgjør pass av mindreårige born utan barnehage- eller SFO-plass i møtetida etter satsen for ulegitimert tap eller ved framlegging av dokumentasjon. Andre omsorgsoppgåver ein ikkje kan utføre sjølv på grunn av vervet kan og bli dekka ved framlegging av dokumentasjon.
- erstatning for tapt inntekt som fylgje av vervet
- Ikt-utstyr dekka av kommunen

Krav etter fyrste ledd skal setjast fram for politisk sekretariat fortrinnsvis etter kvart møte, men minimum to gonger i året. Folkevalde skal legge kravet om godtgjersle inn i kommunen sitt elektroniske løn-og personalsystem. Kravet skal dokumenterast eller sannsynleggjerast. Godtgjering for skyss, kost og overnatting godtgjera i samsvar med kommunen sitt regulativ.

Ordføraren har kommunalt betalt mobiltelefon og PC. Andre folkevalde får utlevert Ipad som er betalt av kommunen. Folkevalde i faste utval som får utbetalet fast månedleg godtgjersle, får ikkje godtgjort bruk av telefon og anna Ikt-utstyr. Ordføraren kan godkjenne at andre folkevalde får godtgjort bruk av telefon og anna Ikt-utstyr om det er sannsynleggjort stort dokumentert bruk.

### **§ 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap**

Erstatning for ulegitimert inntektstap gjeld berre om den folkevalde faktisk går glipp av inntekt på grunn av vervet og blir trekt i si ordinære inntekt. Folkevalde har krav på kompensasjon mellom kl 08.00 og 16.00 i normale arbeidstilhøve, elles etter dokumentasjon på turnusarbeid. Erstatninga skal dekke det timetalet den folkevalde får redusert si ordinære inntekt med. Godtgjersle blir betalt ulegitimert, etter den til ei kvar tid gjeldande sats.

Legitimert inntektstap blir godtgjort i samsvar med dokumentasjon frå arbeidsgjevar eller rekneskapsførar i eige verksemd. Beløpet skal vera inkludert feriepengar viss den folkevalde får redusert sitt feriepengegrunnlag gjennom trekket frå arbeidsgjevar. For sjølvstendig næringsdrivande, kan framlegging av sjølvmelding med tal for brutto næringsinntekt godtakast som dokumentasjon. Formannskapet kan fastsetje maksimalsatsar for legitimert tapt arbeidsinntekt. Offentleg tilsette som får løn eller anna godtgjersle frå det offentlege i møtetida, får ikkje dekka tapt inntekt ettersom dei ikkje blir trekt i løn for møteaktiviteten.

Folkevalde som nyttar eigen bil i samband med kommunale verv får godtgjort dette i samsvar med kommunens reiseregulativ. Bruk av eigen bil kontra bruk av kollektiv transport/felles transport skal vurderast opp mot kostnadar, tidsbruk, miljø og ressursar. Er reiseavstand mindre enn tre kilometer ein veg blir reisekostnad normalt ikkje dekka.

### **§ 5 Godtgjering ved frikjøp**

Folkevalde som frikjøpast frå ordinært arbeid, mottek ei fast godtgjersle i staden for å få dekka tapt inntekt etter § 3. Ordføraren frikjøpast i 100% stilling og utgangspunktet er 90% av godtgjersla til stortingsrepresentantar pr. 01.05. året før, slik den til ei kvar tid blir vedteken. Godtgjersla gjeld for all politisk verksemd. Ordføraren har som fylgje av 100% frikjøp same rett til ferie som tilsette.

### **§ 6 Arbeidsgodtgjering**

Varaordførar, formannskapsmedlemer, utvalsleiarar, utvalsmedlemer i Utval for Kultur og Levekår og Utval for Natur og Næring og leiar i Kontrollutvalet får ei fast godtgjersle prosentvis utrekna av ordføraren si godtgjersle.

For medlemer i faste utval inkluderer godtgjersla det arbeidet og ansvaret som ligg til dei respektive verva. For utval som har fleire funksjonar inkluderer godtgjersla alle funksjonane til utvalet. For dei som har fast godtgjersle inngår økonomikonferansen og budsjettkonferansen i godtgjersla. Folkevaldopplæringa vert godtgjort som eitt kommunestyremøte.

Er faste medlemer hindra i å møte i sine verv meir enn to gonger samanhengjande blir den faste godtgjersla redusert med 75 % pr. månad i dei to påfølgjande månadene. Skuldast langvarig fråver sjukdom må sjukemelding leggjast fram for å unngå trekk.

Godtgjersla blir fastsett gjennom det årlege budsjettvedtaket i kommunestyret, og gjeld for verv som er oppretta etter vedtak i kommunestyret eller oppnemnt av ordføraren. Godtgjerslesatsane gjeld frå 1.januar det påfølgjande budsjettåret, og året ut utan endring, om ikkje kommunestyret fastset noko anna. I valår for kommunestyreval må det avtroppende kommunestyret endre satsane om det skal vere andre satsar for det påtroppende kommunestyret.

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjering for sitt arbeid etter følgjande modell

<b>Faste godtgjersler</b>	<b>Storleik i %</b>
a. Ordførar	100,0
b. Varaordførar, medrekna i ordførars ferie	16,0
c. Faste formannskapsmedlemer elles	8,0
d. Leiarane i Utval for Kultur og Levekår og Utval for Natur og Næring	12,0
e. Faste utvalsmedlemer elles i UKL og UNN, inkl. Plan- og byggenemnd.	6,0
f. Leiar i kontrollutvalet	2,5

Folkevalde som ikkje har fast godtgjersle får godtgjort pr. møte etter satsar rekna ut i prosent etter ordføraren si godtgjersle. Kommunestyremedlemer, med unnatak av ordførar og varaordførar får godtgjort pr. møte for kommunestyremøta i tillegg til den faste godtgjersla.

<b>Godtgjersle pr. møte</b>	<b>Storleik i %</b>
a. Kommunestyremedlemene eks ordf./varaordf.	0,20
b. Nestleiar i UKLog UNN som fung leiar   ikkje pr møte	0,60
c. Vara til formannskap, utvala for UKL og UNN	0,15
d. Medlemer av kontrollutvalet ekskl. leiaren	0,15
e. Vara i enkeltsaker v/inabilitet o l	0,05
f. Andre møte / ikkje spesifiserte faste organ	0,05
g. Leiar i organ utan fast godtgjersle	0,10
h. Kommunalt tilsette som er valde i partssamansette utval (adm.utvalet)	0,15

For interkommunale verv som ikkje blir godtgjort gjennom det interkommunale samarbeidsorganet, blir Gol sine representantar godtgjort etter Gol kommune sitt eige reglement, pr. møte, punkt f og g. Dette gjeld og for utval, arbeidsgrupper og nemnder som kompetent organ opprettar. Når medlemer til utval og arbeidsgrupper blir utpeikt eller valt skal det ansvarlege organet også avklare spørsmålet om godtgjersle. Budsjettmessig dekning for slike godtgjersler skal vera avklart.

## **§ 7 Ettergodtgjering**

Folkevalde som har vervet som hovudoppgåve har etter søknad rett til ettergodtgjering når dei trår ut av vervet

- i inntil tre månader om vedkomande ikkje har eit arbeid å gå attende til
- i 1,5 månad om vedkomande har eit arbeid å gå attende til

Ettergodtgjeringa blir avkorta mot anna inntekt i samsvar med reglane i kommunelova § 8-6, andre ledd. Søknad om ettergodtgjering blir avgjort av formannskapet.

## **§ 8 Pensjonsordning**

Folkevalde som har vervet som hovudoppgåve har same rett til pensjonsordning som tilsette og blir meldt inn i kommunens pensjonsordning for folkevalde, jf. Kommuneloven §8-7.

## **§ 9 Rett til sjukepengar**

Folkevalde som har vervet som hovudoppgåve, har rett på sjukepengar etter dei same reglane som for tilsette i kommunen. Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarende full godtgjering i arbeidsgjevarperioden frå den fyrste til den sekstande sjukedagen, jf. folketrygdlova § 8-19. Har den folkevalde krav på godtgjering utover seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdloven § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale differansen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepenger frå folketrygden og det den folkevalde ville fått i godtgjering i den same perioden.

## **§ 10 Rettar ved yrkesskade**

Folkevalde som er medlem av kommunestyret, hovudutval eller har vervet som hovudoppgåve har rett til same ytelsjer ved yrkesskade som tilsette i kommunen, jf. kommunelova § 8-7.

## **§ 11 Permisjonar**

Folkevalde som har vervet som hovudoppgåve har krav på permisjon, jf. kommunelova § 8-10 i følgjande tilfelle, etter arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15

- svangerskapskontroll
- svangerskapspermisjon
- omsorgspermisjon
- fødselspermisjon
- foreldrepermisjon
- ammefri
- born og barnepassar sin sjukdom
- omsorg for og pleie av nærmiljø
- militærteneste
- religiøse høgtider

Søknad om permisjon blir avgjort av kommunestyret.

Ved stutte permisjonar beheld den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre vedkomande gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter samme reglar som for tilsette i kommunen.

Forskrift for godtgjering skal vedtakast av kommunestyret innan utgangen av juni månad det året det blir halde val til kommunestyret.

## **§ 12 Tid for iverksettjing**

Forskrifta trår i kraft 1. januar 2020.